



Informasjon til konfirmantar som har tenesteoppgåve som kyrkjevert

Kyrkjevertane har viktige oppgåver i gudstenesta:

- hjelpe folk å kjenne seg velkomne i kyrkja (sjå, helse, smile)
- kunne gje informasjon (kvar er toalettet, kvar finn eg presten osv)
- hjelpe barnefamiliar (finne fram barnebøker, teiknebrett med fargar og ark)
- praktiske oppgåver (utdeling av salmebøker, innsamling av offer osv)

Det er sett opp ein vaksen person (frå soknerådet) som kyrkjevert i lag med deg/dykk. Denne personen er då ansvarleg og har også oppgåver som brannvakt ved utgangsdøra. Dersom det ikkje dukkar opp andre er det berre å setje i gang på eiga hand ☺.

Oppgåver som kyrkjevert (konfirmantar):

FØR GUDSTENESTA

- Møte fram i kyrkja *i god tid* (ca 40 min før gudstenesta)
- Ynskje folk velkomen og dele ut salmebøker / gudstenesteark. Bruk gjerne "Kyrkjevert-skilt" som skal ligge ved salmebokhyllene bak i kyrkjene.
- Finne fram teiknebrett og ark. Fylle i fargestiftar og ark/fargeleggingsark. (Teiknebrett, ark og barnebøker ligg i skuffer under bakerste benk i Tjugum, på bord/skåp bak i kyrkja i Sæle)
- Legge fram barnebøker.
- Dele ut bøker og teiknebrett til familiar som ynskjer dette.

UNDER GUDSTENESTA

- Samle inn offer (to personar)
 - Byrje *framme* i kyrkja og gå bakover, ein på kvar side.
 - Gå fram i lag til slutt
 - Ein står ved altarringen til organisten har slutta å spele og presten er ferdig med å be. (Dersom presten ikkje tek i mot offerposane skal dei leggjast på benk/stol framme i koret.)
- Ein kan verte spurd av presten om å gjere andre oppgåver som medliturg i gudstenesta. Dette kan til dømes vere å bere lys i evangelieprosesjon eller å delta i bøn/lystenning.

ETTER GUDSTENESTA

- Rydding etter gudstenesta
 - Gå gjennom benkene og samle inn salmebøker med liturgiark (setjast i hyllene).
 - Barnebøker, teiknebrett/ark leggast på plass. Teikningar borna ikkje har teke med seg kan kastast.